

Forventa hørselsutvikling

- og utvikling ein kan sjekke

Kort tid etter fødselen - merkar du at barnet høyrer stemma di og vert meir vaken, merksam eller vidar ut auga. Dersom barnet ligg stille reagerer det på framande lydar.

6 veker gamalt vert barnet stille når du snakkar til det, også når det ikkje ser deg.

3 mnd gamalt vert barnet stille eller smiler til lyden av stemma di og flyttar blikket eller vender hovudet etter lyden. Har barnet tydelige bablelydar.

6 mnd gamalt vender barnet seg mot deg når du byrjar å snakke, og vender seg også mot lave lyder som knitring av papir eller barnet høyrer på eiga stemme. (Ved nedsett hørsel vil barnet gradvis bruke eiga stemme mindre)

Fra 8 mnd og til i 2. leveår høyrer barnet på svært lave lyder frå kjelder ute av syne, og gir respons på sitt eige namn og andre kjende ord. Då fyljer det utvikling av språk og språkforståing.

5 år - Alle barn skal få hørselen testa av helsesyster før dei byrjar på skulen.

Lurer du på noko, kontakt Hørselssentralen:

Telefon: 70105266

Hørselstest for nyfødde



Informasjonsbrosjyre

Hørselstest

Kvifor og korleis vert testen utført?

Kvifor screener vi alle nyfødde?
Tidlegare har det vore vanskeleg å teste hørselen på svært små barn, og det kan ta lang tid før ein byrjar å mistenke at barnet høyrer dårleg. Målet med denne undersøkinga er å oppdage medfødt hørselstap hjå barn så tidleg som mogeleg, for raskt å kunne sette i gong hjelpetiltak i høve dette. Helsemyndighetene har derfor innført at alle barn skal få hørselen testa når dei er nyfødde.

Når og korleis skal testen gjerast?
Testen vert utført i barselavdelinga, av personalet der. Testen skal helst ikkje takast før 2. døgn etter fødselen pga. forholda i mellomøret. Målinga er lettast å utføre medan barnet søv og er roleg.

Metoden er registrering av otoakustiske emisjonar, OAE, som er ei objektiv hørselsmåling der vi testar funksjonen til det indre øyret. Ein liten propp som inneheld ein mikrofon og ein høgtalar vert sett inn i barnet sin øyregang. Høgtalaren sender klikkelydar inn i øyret, ved bearbeiding av klikkelydane genereres ein lyd i det indre øyret, og denne er målbar i øyregangen. Målinga er rask og smertefri! Får vi respons med OAE er det lite sannsynlig at barnet ditt har nedsett hørsel.

Om resultatet

Dersom resultatet ikkje vert som forventa?

Får vi respons med OAE, kan vi med relativt stor sikkerheit sei at barnet har eit normalfungerande indre øyre. Hos et lite antal barn får vi ikkje respons med OAE. Det kan være fleire grunnar til det, men dei fleste av desse barna har likevel normal hørsel. Dei tekniske forholda ved undersøkinga kan påverke resultatet, til dømes om barnet har fostervatn eller fosterfeitt i øyregangen. Statistisk sett vil berre 2-3 av 1000 barn vere høyrslshemma ved fødselen.

Vert det ikkje godkjend respons på begge øyrer før utreise frå barselavdelinga, vil barnet verte følgt opp med vidare testing på hørselssentralen.

Når det er god respons frå begge øyrene betyr det at det er lite sannsynleg at barnet ditt har nedsett hørsel.

Husk at barnet kan utvikle hørselstap etter at det er født. Det er derfor viktig å vere merksame på hørsels- og språkutviklinga til barnet under oppveksten. Testutstyret er laga for å oppdage moderate og større hørselstap. Små hørselstap vil ikkje alltid verte oppdaga. Derfor er det viktig at foreldra er merksame på hørsel og språkutviklinga til barnet vidare.

Dersom du er uroa for hørselen til barnet, så ta det opp med helsesøster eller fastlege.

Oppfølging

Korleis vert den oppfølgjande hørselstesten utført?
Vi startar med same test som er gjort på barselavdelinga. Ofte kan det vere nok at det har gått ei tid, ca 2 veker, og at vi no får testen godkjend. Om den ikkje vert godkjend vil vi gå vidare med ein automatisk hjernestammeaudiometri (AABR), same dag. Då festar vi tre små elektroodar til barnets hovud og nakke, samtidig som det sendast lyd inn i øret ved hjelp av same øyrepropp som er brukt tidligare. AABR-testen tek mellom 5-30 minutt.

Kva kan du gjere for å førebu barnet til hørselsscreeninga?

Hørselstestane er enklast å utføre dersom barnet søv. Om det er mulig, gje barnet mat kort tid før testen. Pass på at du har dei tinga som skal til for å gjere barnet ditt rolig og tilfreds. Ta gjerne med vogn!